

Vedtekter for Lagsbruksfondet

Vedteken på årsmøtet 20. april 1997

§1

Fondet er skipa av lagsbruk som er med i Norske Lagsbruk. Føremålet er å hjelpe lagsbruk med lån, garanti for lån og med eigenkapital. Fondet kan og gje tilskot til utviklingsarbeid i lagsbruk.

§2

I tillegg til den nåverande kapitalen i fondet skal det tilførast:

- a) 10 % av dei årlege avgiftene til Norske Lagsbruk
- b) Andre inntekter som rente frå utlån, innskot i bank, utbytte på verdipapir og garantiprovisjonar
- c) Innlån som fondet tek imot.

§3

Styret for Fondet skal vere det same som for Norske Lagsbruk.

§4

Styret skal leggje fram årsmelding og rekneskap til godkjenning på årsmøtet i Norske Lagsbruk.

Årsmeldinga og rekneskapen skal sendast ut saman med dei andre saksdokumenta til møtet.

§5

Fondsmedelen skal berre kome lagsbruk som er med i Norske Lagsbruk til gode.

§6

Styret i fondet skal ta vare på fondsmedelen i samsvar med vedtektene i fondet. Dei som får lån i fondet, betaler den renta som styret fastset. Styret kan elles setje dei vilkår for lån, garanti og aksjeteikning som dei finn høvelege og kan pantsetje aksjar og verdipapir som er i fondet si eige. Styret kan og gje utsetjing med betaling av rente og avdrag på lån og gje fritak for eitt år om gongen. Slikt fritak kan berre gjevast når eit lagsbruk er i vanskar og truleg kan bergast ved slik hjelp.

§7

Eit vedtak om avskipping av fondet skal gjerast i samsvar med § 9 i desse vedtektene. Dersom fondet vert avskipa, skal årsmøtet vedta kva restkapitalen skal brukast til innafor føremål som er i samsvar med programma til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Eit vedtak om bruk av fondsmedelen ved avskipping kan gjerast med vanleg fleirtal.

§8

Lagsbruk har ikkje krav på tilbakebetaling av innskot i Lagsbruksfondet.

§9

Endring i vedtektene for Lagsbruksfondet kan gjerast med 2/3 fleirtal av dei frammøtte utsendingane på eit vanleg årsmøte.

Framlegg til endring, med styret si tilråding, må sendast ut saman med innkallinga til møtet.